

# Årsmelding 2021

## Foldnes sokn



DEN NORSKE KYRKJA  
Foldnes sokn

# FOLDNES SOKNERÅD



**Per-Helge Refvik**  
Soknerådsleiar

## Helsing frå soknerådsleiar

I ei vanleg veke er det aktivitetar i Foldnes kyrkje kvar dag i veka. Det gler vi oss over. I året 2021 har det ikkje berre vore vanlege veker. Sjølv om pandemien har krev sitt dette året også, har vi hatt fleire periodar der vi har kunne samlast igjen. Vi fått feira 20 års jubileum for kyrkja

vår, og vi har fått vore saman på gudstenester. Vi er taknemlege for det.

I 2020 vedtok soknerådet ein visjon for soknet vårt. Vi ynskjer at Foldnes kyrkja skal være "Di kyrkje for alle dagar". Det er over 8500 medlemmar i soknet vår, og mange ulike folk er innom kyrkja vår i ulike samanhengar i løpet av eit år. Vi vonar at alle som er innom hos oss kan kjenna seg velkomne og heime, både når dei samlast i sorg, til kvardags og til fest.

Kyrkjelyden vår har mange engasjerte og trufaste støttespelarar. Når vi samlast til gudsteneste er det ei rekke frivillige i sving som kyrkjevert, tekniskar, forsongar, musikar, skriftlesar, sundagsskuleleiar, ansvarleg for kyrkjekaffi eller har andre oppgåver. Takk for den fantastiske innsatsen de alle legg ned.

Vi er og velsigna med særst flotte tilsette, som er dyktige og engasjerte i si gjerning. Takk for alt de gjer i den viktige tenesta dykkar!

Mellom sundagane er det også mange som legg ned ein stor innsats gjennom sine oppgåver i dei mange faste aktivitetane som går føre seg kyrkja. I 2021 har vi og hatt ein effektiv utsmykkingskomite som har gjennomført ei rekkje tiltak for å gjere kyrkja enda finare. Vi har eit diakoniutvalg som arbeider med mellom anna besøksteneste og kyrkjeskys. Ei basargruppe førebur og held vår årlege basar, noko som sikrar at vi får pengar til å halde fram med arbeidet vårt. Ein jubileumskomite har planlagt og gjennomført feiring av 20 års-jubileet i Foldnes kyrkje, og ein eigen fundraisingkomite i høve jubileet har samla inn over 100.000 kr til nytt lydanlegg i kyrkja. Takk for alt de bidrar med!

## Arbeidet i soknerådet

Soknerådet har hatt 8 møte i løpet av året, og har handsama 78 saker.

Døme på viktige saker vi har arbeidd med:

- Ny ordning for gudsteneste. Det er nye føringar for val av melodiar til liturgiledd som kan nyttast i gudstenesta.
- Overtaking av kyrkjekjellaren i Foldnes kyrkje frå kommunen. Soknerådet har diskutert mogleg bruk og innreiing av kjellaren, og etablert eit utval som kan arbeide vidare med dette.
- Markering av at Foldnes kyrkje vart 20 år i 2021.
- Godkjenning av revidert trusopplæringsplan for Foldnes sokn.
- Kyrkjelydsweekend 2021.
- Re-start av Action i partnerskap med KM
- Høringssvar til forslag om ny kyrkjeleg organisering og til samfunnsdelen til ny kommuneplanen for Øygarden kommune
- Lyddugnad- samle pengar til nytt lydanlegg i kyrkja.

## Medlemmar i soknerådet

Soknerådet har i året hatt følgjande medlemmar:

- Maria Tveten (sokneprest)
- Per Helge Refvik (leiar)
- Olav Ingard Fjeldstad (nestleiar)
- Astrid A. Myskja
- Janne Mo
- Gunnar Innerdal
- Hein Kvalheim
- Harald Rød
- Renate Olsen
- Ole Hamre (1. vara)
- Trond Høvik (vara)
- Jan Terje Sønstabø (vara)
- Bjarne Skarestad (vara)
- Bjørn Arvid Straume (vara)

Arbeidsutvalet er samansett av Maria Tveten, Per Helge Refvik og Olav Ingard Fjeldstad.

Alle vararepresentantar får innkalling og har open invitasjon til å delta på møta. Første vara stiller fast på alle møta.









# ÅRSRAPPORT FRÅ SOKNEPRESTEN



**Maria Tveten**  
Sokneprest

Stødig og fast har Foldnes kyrkje stått på berget ved Skiftesdalsvatnet i 20 år og det fekk vi, trass alt, feira i fjor. I staden for ei stor feiring i april, vart feiringa markert gjennom jubileumsinnstikk i Kyrkjebladet, artikkel i Vestnytt, digitale innslag, ettertenksame

pilegrimsvandringar langs Kyrkjevegen, lyddugnad med innsamling til nytt lydanlegg som kulminerte med en fantastisk dugnadskonsert, melodios og vakker jubileumskonsert med Marthe Wang og til slutt ei stor og flott jubileumsgudsteneste i november.

## Statistikk

Det er vanskeleg å lese tala i statistikken, både når det gjeld gudstenedeltakarar og tal på nattverddeltakarar. To ustabile år gjer samanlikningsgrunnlaget vagt og usikkert, noko som gjer det vrient å dra konklusjonar. Viss vi derimot samanliknar tal frå enkeltgudstenestar som liknar kvarandre, både på tidspunkt på året, i form og i føresetnader, kan tala gje eit inntrykk av at gudstenedeltakarar har gått noko ned frå 2019 til 2021.

Eit oppløftande tal for 2021 er dåpstalet, som har auka med 20,6% frå 2020. Det er innanfor normal variasjon, men når vi samanliknar med tal fødde barn i soknet, er det ein reell oppgang. Det kan vere at 2021 tok med seg eit etterslep frå 2020, då fleire utsette dåp. Det er og relevant å trekkje konklusjonen om at fleire og meir fleksible dåpsgudstenester under pandemien, har hatt positiv betydning for dåpstala. Eigne og fleire

babysongsamlingar for Foldnes kyrkje var nytt i året som gjekk og det er og eit tiltak som kan vere med å virke positivt inn på dåpstala.

## Engasjement

Det har vore inspirerende å sjå mykje godt arbeid som ikkje har stoppa opp, trass avgrensingar. Til dømes har ein utsmykningskomite arbeid jamnt og fått på plass nye nattverdsdukar og fått godkjend at dei vakre kyrkjetekstilane som til ei kvar tid ikkje er i bruk skal få sin plass i kyrkjelydssalen. Dåpsfatet har fått den vakre inskripsjonen «Her møtast himmel og jord», som peikar både på dåpen og på visjonen kyrkja hadde då ho vart reist. Inskripsjonen var planlagd frå starten og endeleg kom den på plass, då kyrkja feira sitt 20-årsjubileum.

Engasjement har det og vore i og rundt det nye gospelkoret Lokal Vokal, som starta opp i haust. Koret fekk om lag 60 medlemmar og har songarar med eit stort spenn i alder, ettersom yngste kormedlem er 18 år og den eldste er 65. Gospelkoret fekk opptre for aller fyrste gong på jubileumsgudstenesta i november, og det vart ei fest!


## «Di kyrkje for alle dagar!»

Vi ynskjer at Foldnes kyrkje kan vere ei kyrkje for alle dagar. Det betyr både at kyrkja skal vere ei open folkekyrkje, samstundes som kyrkja har eit oppdrag med å vere Guds hender og føter i verda. Det tyder at vi, i tillegg til å gje næring til tru, vil vere samfunnsbyggjarar lokalt og globalt. Vi vil lage gode fellesskap, ta vare på skaparverket, bere håp og gje hjelp til livet. Dette arbeider vi for og dette ynskjer vi. Vi håpar at fleire kan finne ei plass i kyrkjelyden og kjenne at den er «mi kyrkje»!




# STATISTIKK

## DELTAKING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT



Søylene viser det totale talet gudsteneste-deltakarar sidan 2013, og tal døypte i Foldnes sokn sidan 2016. Skilnaden mellom gudstenestedeltaking i 2020 og 2021 er stor, men har si forklaring i at det var ei stor fellesgudsteneste i Sotra Arena med 1700 deltakarar i samband med kommunesamanslåinga.

## TAL DØYPTE



Dåpstalet for 2021 har auka med 20,6% frå 2020





# ÅRSRAPPORT FRÅ BARN OG UNGE

Takksame, tenande og frimodige medarbeidarar ser tilbake på fjoråret:

I arbeidet blant barn, unge og familier er vi takksame for:

- Alle gode møte med små og store menneske!
- Inspirerende samarbeid med mange frivillige medarbeidarar og med kvarandre!
- At trusopplæringsplanen vart fornya og revidert i 2021 (vedteken av Foldnes sokneråd juni 2021). Vi gler oss til å fokusere vidare på satsingsområda framover: 0-5 år, Tru i heimen, frivilligheit og heilskapleg gudstenestearbeid som famnar alle generasjonar.

I tenesta og kvardagen har det vore mykje arbeid og organisering med alternative planar. Mange telefonar, meldingar og teams-møte, sidan det har vore mykje heimekontor. Litt for lite tid til arbeidsfelleskap og for mykje stress. Noko av stresset i fjor haust er forbunde med at litt for mykje skulle "takast att" for å gi tilbod til dei som fekk avlyst sine tiltak våren 2021.

Vi har hatt frimod til å formidle bibelforteljingane og til å gi det aller beste vi har vidare til barna, ungdomane og familiane.

## Trusopplæring og anna arbeid blant barn og unge:

- T-dagar (felles trusopplæringsprogram for Landro, Fjell og Foldnes sokn): Alle T-dagar vart gjennomførte i 2021. Nokre T-dagar som ikkje vart gjennomført i 2020, vart tekne att og arrangerte i 2021. Dei har anten vore gjennomførte slik planen tilseier, eller på alternative, kreative vis.
- Konfirmantåret 2021: 112 ungdommar (93 % av kullet) tilhøyrande i soknet (pluss åtte frå andre sokn) blei konfirmerte i Foldnes kyrkje. Det vart fine og høgtidelege haustkonfirmasjonar. Gjennomføringa av konfirmantåret var prega av pandemien, spesielt fellessamlingar og leir, som vi fann alternative løysingar på. Ved den digitale Fasteaksjonen i 2021 kom det inn kr 60574.
- Søndagsskule: Vi har hatt samlingar med søndagsskulen ute etter nokre gudstenester. Det har òg vore





gjennomført tradisjonelle søndagsskulesamlinger når vi har hatt høve til det innanfor rammene.

- Lillelørdag hadde seks samlingar med i gjennomsnitt 12 deltakarar på kvar samling.
- KM Kluzz har hatt fire samlingar. Det har i snitt vore 20-30 deltakarar.
- Ungdomslørdag: Vi har hatt nokre samlingar utandørs, og nokre tradisjonelle klubbkveldar innomhus. Det har vore jamt godt frammøte; fleire gongar har vi vore over 20 ungdomar på samlingane.
- Den tradisjonsrike adventssamlinga for ungdomane vart i fjor til ei stemningsfull, men kald bålsamling utandørs.
- Tensing: Tiltaket har lidd under pandemien, då det har vore vanskeleg å ha songøvingar og opptredener med ungdomar frå mange ulike skular. Seminarhelg med Tensing Norway vart arrangert, og var ei fantastisk oppleving for dei ungdomane som var med.
- FUNK står for Felles UNgdomsarbeid i Kyrkja, og har felles tilbod for alle ungdomar i Landro, Fjell og Foldnes sokn; Ungdomslørdag, Tensing, KRIK, bibelgrupper, tweensklubb, Lillelørdag, Landroklubb, Adventsfest, Sommarfest, turar og leiarkurs er noko av tilbodet som ligg under FUNK.

## Samarbeidet med skulane og barnehagane i Foldnes sokn:

- Dei to årlege møtepunkta med representantar frå skulane i kommunen, SKU (Skule-Kyrkje-Utvalet), vart gjennomført: eit fysisk og eit digitalt møte.

- Zippyvandringar, kyrkjegardsbesøk for 2.klassane, gjennomførte for skulane med gangavstand til kyrkja.
- Vi fekk ikkje gjennomføre kyrkjevandringar for 3.klassingane i januar 2021, difor gav vi dei tilbodet i november, då dei var 4.klassingar. Gjennomført for skulane med gangavstand til kyrkja.
- VGB: Skulane er glade for at vi tilbyr alle femteklassane kurset "Vandring gjennom Bibelen": fire skuletimar med 73 stikkord og tilhøyrande rørsler. I år vart kurset gjennomført ved to skular.
- Påskevandringar: Vi hadde sju barnehagar i soknet som kom til påskevandring i kyrkja; nokre færre enn vanleg. Vi vandra gjennom påskedagane saman, med eit flott opplegg med vakker musikk, palmeblad, fotvasking, blomar, lys og engasjerte barn og vaksne.
- I samband med 20 årsjubileet laga Foldnes skule vakker barnekunst. Denne vart utstilt i borggården. Elevane kom med fargerike bilete og teikningar, samt laminerte skilt med «FOLDNES KYRKJE 20 år». Eit fint lokalt samarbeid!
- Adventssamlingar: Vi hadde sju barnehagar i soknet på fine adventssamlingar.
- Adventgudstenester for skulane: Ingen av skulane kom til kyrkja, dette var grunnlagt i manglande økonomi til transport, og ikkje i pandemien. Bjorøy skule fekk besøk av soknepresten til adventssamling på skulen. Ho var òg på Brattholmen og Hjelteryggen skular i adventstida, og var med på digitale opplegg der. Vi fekk ikkje til adventsmøte med Foldnes og Danielsen skular denne gongen.

**DELTAKARSTATISTIKK FOR  
BARNE- OG UNGDOMSARBEID**







# ÅRSRAPPORT FRÅ ORGANISTEN



**Aasmund Brekke**

Organist

## Gudstenester

Musikkarbeidet i gudstenester har følgt same mal som i tidlegare år, der ein legg vekt på eit variert musikalsk uttrykk, med bruk av både orgel, piano og band, og med forsongarar på kvar gudsteneste. På nokre av formiddagsgudstenestene

og kveldsgudstenestene har det vore med band. Det vart gjennomført to jazzgudstenester i 2021, ei i januar (utsett frå 2020), med streaming utan folk i kyrkja, og ei i oktober med framføring av ei jazzmesse med nyskriven litugisk musikk komponert av organist Aasmund Brekke.

I Foldnes kyrkje er det ei gruppe på omkring 12 frivillige forsongarar som byttar på på å leia salmesongen på så å seia alle gudstenester gjennom året. I tillegg har til saman rundt 10 frivillige musikarar og solosongarar medverka frivillig ved ein del av gudstenestene.

Elles har fleire kor/korps medverka på gudstenester gjennom året: gospelkoret Lokal Vokal med band, Lukas Tensing, Musikklaget Fjellklang, delar av Sotra Storband, pluss nokre andre innleigde profesjonelle musikarar.

## Musikkarbeid på Ramp-samlingar

Arbeidet med musikk på Ramp-samlingane gjekk som normalt i haustsemesteret, men i vårsemesteret vart alt avlyst. Organisten har det musikalske ansvaret, og får hjelp av eit fast husband med 3 musikarar som stiller som frivillige, pluss vekslende solistar, i 2021 har det vore med 4 frivillige solistar.

## Korarbeid

Hausten 2021 vart det starta opp eit nytt kor i Foldnes kyrkje, gospelkoret Lokal Vokal. Dei øver kvar onsdag under leing av dirigent Lene Innerdal. Koret medverka under jubileumsgudstenesta ved markeringa av 20-årsjubileet for Foldnes kyrkje i november 2021

Mannskoret Avogtil øver av og til, og har sunge på to gudstenester (17. mai og 1. juledag).

## Konsertar i kyrkja

Det har vore følgjande konsertar i Foldnes kyrkje dette året:

- 22.10 Lyddugnadskonsert med Ramp-bandet/solistar, Trond Olsen og verbale innslag ved Hein Kvalheim og Maria Tveten
- 12.11 Jubileumskonsert med Marthe Wang Trio
- 30.11 Stille Natt – Julekonsert med Rune Larsen etc.
- 07.12: Ramp adventskonsert
- 13.12: Ottesong med Fjell kulturskulekor

Mange andre planlagde konsertar er blitt avlyst, både av våre eigne arrangement og utleigekonsertar.

I forkant av lyddugnadskonserten i oktober vart det gjennom lang tid lagt ned eit stort arbeid av engasjerte frivillige for å samla inn pengar til investering i nye høgtalarar til Foldnes kyrkje. Det gode forarbeidet og sjølve avviklinga av konserten resulterte i eit imponerende resultat med 100 000 kr i innsamla midlar.





# ÅRSRAPPORT FRÅ DIAKONIMEDARBEIDAREN



**Ellen Ebbesvik**

Diakonimedarbeidar

Våren 2021 var det ikkje så lett å samlast. Mykje var framleis stengt og strengt. Første treff i Foldnes kyrkje var 2. juni, og prost Jan Tommy Fosse var på besøk.

Det vart i staden ein god del heimebesøk med god avstand. Før påske fekk mange besøk med ein blomst og påskehelsing med ønske om ei god og fredfull påskehelg.

Då hausten kom løstna det litt og vi kunne samlast, men med smitteverntreglar. Det fungerte bra.

I september hadde vi besøk av Solveig Gudmundsen og Birthe Sofie B. Sørensen. Dei er begge sterkt engasjerte i hjelpearbeidet MA Mas som er i Manilla. Dei hadde med seg lysbilete og viste frå deira turar ned dit, og dei fortalde oss mykje om dette arbeidet blant dei fattigaste av dei fattige.

Kjell-Asle Børnes besøkte oss i oktober, og i november kom Arne Martin Engelsen. Han hadde tema

«Gulltransporten.» I desember kom Maria Tveten på besøk.

På treffa har 159 menneske vore innom. Det er ein flott bukett frivillige som gjer ein kjempeinnsats her.

I slutten av oktober var alle som er pårørende etter død invitert til ein sorgkveld. Denne gongen var det i Sund kyrkje i Klokkarvik. Vi hadde besøk av John Kristian Gramstad Rolfsnes, som er prest på Haraldsplass sjukehus. Han hadde fått temaet «Sorgens ulike ansikt». Det vart ein god kveld for dei som var til stades.

Diakoniutvalet har hatt 8 møte, og sett i vår fokus på besøkstenesta. Vi hadde eit kveldskurs i haust for dei som ønskjer å vere med i besøkstenesta. Torbjørn Fjøren var med oss denne kvelden. Vi har no nokre frivillige som er klare til å bli brukt.

I haust har vi arbeidd med diakoniplanen for Foldnes i åra som ligg framfor oss. Kva vi allereie har, og kva vi ønskjer å satse på. Dette er under fullt arbeid.

Eg har sjølv hatt mange heimebesøk og har også vore ein del innom Straume bu- og sevesesenter.

## Medarbeidarane i Foldnes sokneteamb:

Medarbeidar	Stilling
Maria Tveten	Sokneprest
Mathilde Karin Dale	Soknetamleiar og personalkonsulent
Aasmund Brekke	Organist
Line Steinsland Mosnes	Administrasjonskonsulent
Elisabeth Møll Jung	Trusopplærar
Beate Sørhus	Kyrkjelydspedagog
Ellen Ebbesvik	Diakonimedarbeidar
Ingjerd Hauge Johansen	Kyrkjetenar
Knut Erling Gammelsæter	Ungdomsarbeidar
Therese Fyllingen	Ungdomsarbeidar

## Årsrekneskap for Foldnes sokneråd 2021

Foldnes sokneråd har lagt bak seg enno eit annleis år. Økonomisk har det vore eit godt år. Inntektene og utgifter ligg over det som var budsjettert for året, utgiftene ligg under budsjett. Soknerådet går samla sett med eit overskot på kr 34 241.

Foldnes sokneråd har hatt kr 457 323,- i utgifter og kr 710 618,- i inntekter. Dette gjev eit positivt resultat før finansieringstransaksjonar og avsetjingar til fond på kr 253 296,-. Foldnes sokneråd set av kr 265 259,- til ulike fond; disposisjonsfond Foldnes sokneråd, fond Foldnes basargruppe, fond Foldnes diakoni, fond Foldnes lydanlegg, fond Foldnes RAMP og fond Foldnes gospelkor. Etter dette er det eit overskot på kr 34 241,- som kan setjast inn på soknerådet sitt disposisjonsfond.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Foldnes sokneråd på mange ulike måtar i 2021.

